



Nordhordland Veteranbåtlag
pb. 26
5991 OSTEREIDET

Referanser:

Dykkar:

Vår: 23/2530 - 23/18977

Saksbehandlar:

Runar Ludvigsen

runar.ludvigsen@osteroy.kommune.no

Dato:

24.08.2023

Søknad om skjenkebevilling i samband med lagsamling 28.08.2023 (enkeltanledning)

Administrativt vedtak:

Saknr: 023/23

Vedtak

Nordhordland veteranbåtlag, org.nr. 983395430, v/ Tor Johannes Bjørngaas, får medhald av alkohollova § 1-6 innvilga søknad om skjenkebevilling for alkoholhaldig drikk med under 22% alkoholinnhald i samband med lagsamling 29.08.2023 om bord på D/S Oster på følgjande vilkår:

Deltakarar: om lag 90 personar

Skjenkestyrar: Ragnhild Bjørngaas, f. 27.12.1949

Stedfortredar: Tove Guldblandøy f. 02.02.1951

Skjenketid: kl. 16.00 –kl. 21.00

Skjenkestad: om bord på D/S Oster

Den som serverer eller sel alkoholsvak eller alkoholhaldig drikk må ha fylt 18 år, og det må ikkje skjenkast/serverast til personar under 18 år. Sal- og skjenking må skje i samsvar med alkohollova med tilhøyrande forskrift.

Post

post@osteroy.kommune.no
Postboks 1
5293 Lonevåg

Kontakt

www.osteroy.kommune.no
Telefon 56 19 21 00
Telefaks 56 19 21 01

Konto

Org.nr. 864.338.712

Arrangøren er ansvarleg for tilstrekkeleg vakthald på området. Eventuelle pålegg frå politiet må følgjast.

Løyvehavar er ansvarleg for ro og orden på skjenkeområdet.

Skjenkeavgift: kr 1850,- må vera betalt før løyvet er gyldig. Giro vert sendt frå økonomikontoret.

Saksutgreiing:

Nordhordaland veteranbåtlag, org.nr. 983395430, v/ Tor Johannes Bjørngaas søker om skjenkeløyve i samband med lagsamling 29.08.2023.

Uttale frå politiet er etterspurt, men ikkje motteke pr 24.08.2023. Vedtak i saka vert gitt med atterhald om at politiet ikkje har merknader.

Grunngjeving:

Grunna kort tidsfrist til arrangement vel ein likevel å innvilge søknad om bevilling med bakgrunn i at arrangør for under ein veke sidan: 25.08.2023, hadde eit tilsvarende arrangement kor politiet ikkje hadde nokre merknad. Ein antar difor at dei ikkje vil ha nokre merknader denne gongen heller.

Tilstrekkeleg vakthald på området må organiserast i samråd med politiet.

Kommunedirektøren kjenner ikkje til høve som tilseier avslag på søknaden og den vert difor innvilga.

Med helsing

Øystein Aadland
For Kommunedirektøren

Runar Ludvigsen
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.